

Song- og musikkprogram slo godt an på kulturcafèen.

10.03.2020



Songsolistane Svein Rimestad og Kristian Bringedal framførte to nummer saman med bandet.

Kvar tirsdag er det kulturcafè i Kulturhuset Husnes. Då møtest godt med folk til koseleg sosialt samvær. Nokre har vore med på tur eller anna trimopplegg på førehand. I festsalen syt dei flinke medarbeidarane på kjøkkenet i kulturhuset for god servering med m.a. gode rundstykkje, deilege kaker og suppe i tillegg til kaffi og te. Med jamne mellomrom er det underhaldningsinnslag, og denne tirsdagen kom det frå Uskedalen.



Publikum var fornøgde med musikken.

Underhaldninga er siste halvtimen av kulturcafèen mellom klokka halv eitt og eitt. Det er både eksterne underhaldarar og lokale krefter som er på programmet. Denne gongen var det veteranbandet i Uskedal musikklag saman med songsolistane Kristian O. Bringedal og Svein Rimestad som stod på programmet.

Programmet starta med to songarrangement. Først fekk publikum høyra **Jag har hørt om en stad** som er gjort svært populær av mellom anna Carola Häggkvist og Christer Sjögren før bandet og solistane framførte ein nynorsk versjon av den populære islandske songen **Eg bad deg helse heim** med ein flott nynorsk tekst av Bjørn Bjørlykke/Johanna Øvstebø Tvedten. Denne har musikklaget nyleg fått arrangert av Bjørn Aakre, og det var første framføring av dette arrangementet.

Etter dei to songinnslaga held bandet fram med fire instrumentale nummer. Publikum fekk calypsotmer i **River of Babylon**, dei kunne drøyma seg tilbake til Fredriksons Fabrikk i **Hva var vel livet uten deg** før dei fekk ein god gammal marsj, **Arosa**. Programmet vart avslutta med den kjende gospelsongen **Just a Closer Walk with Thee**. Aktørane sette veldig stor pris på dette oppdraget, og det verka som publikum gjorde det same. Den ståande applausen og tilbakemeldingane etterpå vitna om det.

Veteranane i musikklaget er svært aktive for tida. Dei har mange oppredenar og eit stort og variert repertoar. At dei no også har fleire arrangement med songsolistar, gjer repertoaret endå meir komplett. Bjørn Aakre i Trondheim har laga fleire songarrangement spesielt for bandet.



Bandet har ein balansert besetning og at dei no av og til har med songsolistar gjev det ein ny dimmension.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ma Desiree Nercuit Lotoc